

20.4.2021

Innspel til planprogram regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035

Sogndal kommune har i underkant av 12 000 innbyggjarar og er regionsenter med eit omland på om lag 30 000 innbyggjarar. Sogndal er òg viktig skulestad med høgskule og vidaregåande skule og har eit variert kulturliv, både innfor det profesjonelle og frivillige kulturlivet. Samstundes kan kommunen vise til folketalsvekst og aldersnitt under gjennomsnittet i Vestland.

Kulturrådet i Sogndal kommune arbeider for å styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i kommunen, og er eit felles talerøyr for det frivillige kulturlivet, mot politikarar, offentlege myndigheiter og organisasjonar i kulturlivet. Vidare skal kulturrådet arbeide for-, og ha fokus på gode rammevilkår for det frivillige kulturarbeidet i kommunen og følgjer opp aktuelle kultursaker, både frå medlemmane og frå kommunalt hald.

Om planprogrammet

Det er gjort eit solid og godt arbeid i utforming av planprogrammet. Sogndal kulturråd er godt nøgd med arbeidet for å sikre brei medverknad, både i innspelprosessen, gjennom arbeidsgrupper og faglege utgreiingar.

Vi tykkjer og at grepet med å peike ut *Vestland som ein leiande kulturegion, eit berekraftig kulturliv, deltaking, medborgarskap og mangfald* og *Kulturell verdiskaping* som fire sentrale plantema fungerer godt.

Innspel til planprogrammet

1. I planprogrammet er kulturminne eit gjennomgåande tema. Dette er ein sektor som grip inn i mange deler av samfunnslivet. Samstundes ser vi at det er stort behov for å løfte kulturminnefeltet og tydeleggjere sektoren både som ressurs i samfunnsutviklinga, men og når det gjeld utfordringar i feltet. I samband med regionreforma har det vore gjennomført ein omfattande myndigheitsoverføring frå statleg hald til fylkeskommunane. Det er òg meininga at kommunane skal ta større ansvar for kulturminnefeltet. Samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylke har òg medverka til omstilling av sektoren.

Sogndal kulturråd meiner det er behov for gjennomgang av eksisterande kunnskapsgrunnlag og avdekking av behov for kvar det eventuelt er naudsynt med ny kunnskap. Her kan arbeidet med utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor tene som mal. Sogndal kulturråd føreslår og at fylket utpeikar representantar for feltet til ein av arbeidsgruppene. Her bør både organisasjonslivet og eigarar av freda bygg og anlegg vere representert.

2. Det er viktig at planframlegget er tydeleg på at fylkeskommunen vil vidareføre arbeidet med brukarstyrte råd og det er god kommunikasjon mellom kultursektoren og fylkeskommunen i heile fylket, både i eit generasjonsperspektiv (born, ungdom, vaksne og eldre), men og der ein ser på profesjonell kulturarbeid som eit gode i heile fylket.
3. Sogndal kulturråd forstår at ein i utarbeiding av planprogrammet har eit ønskje om å halde seg på eit overordna nivå og at ein ikkje ønskjer å diskutere eller framheve ulike grupper i samfunnet, men Sogndal kulturråd trur ein likevel med fordel kunne ha vore tydelegare på ulike aldersgrupper i samfunnet. M.a. er ikkje barn og ungdom nemnt direkte i nokon av dei

fire plantemaa. Med ein slik tilnærming, og ikkje minst sidan planfasen skal vare til 2023 og planperioden frå 2023-2035, er det viktig at arbeidsgruppene inneheld både eit tversnitt av folkesetnaden i fylket, men og at representantar frå heile fylket er representert i dei ulike arbeidsgruppene.

Vi ønskjer fylkeskommunen lukke til med det vidare arbeidet!

Med beste helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Christoffer Knagenhjelm', with a long horizontal flourish extending to the right.

Christoffer Knagenhjelm

Leiar, Sogndal kulturråd